

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2019	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	18.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Andreas Granli	19/534	19/12535

### Søknad om tilskot frå kommunalt viltfond til hjortegjerde rundt juletefelt

#### Saksopplysingar: Bakgrunn

André Michelsen er eigar av gbnr 14/2 der det vert dyrka juletre for sal. Den relativt store hjortebestanden i kommunen beitar hardt på plantane. I 2008 løyvde næringsfondet i Radøy kommune 35 000 kr til innkjøp av gjerdemateriell på Skaråsmyra. Søknaden til viltfondet gjeld støtte til arbeid med rydding og oppsetting av gjerde. Total kostnad er sett til 1.633.750 kr og det er søkt om 200.000 kr frå viltfondet.

Saka var oppe i førre møte i hovudutvalet, jamfør sak nr. 038/2019. Saka vart utsett for å få fram meir informasjon om tidlegare tilskot til inngjerding som er tildelt ulike søkjarar, slik at utvalet får eit betre grunnlag for å vurdere eit eventuelt tilskot.

#### Vurdering

Hjortebestanden på Radøy har auka dei siste åra. Hausten 2018 vart det felt 235 dyr i kommunen. Ein markant oppgang frå året før og eit resultat av auke i fellingsløyve. Hjorten flokkar gjerne frå hausten og utover vinteren. Dyra trekker ut til område der det er godt med mat og mindre snø, oftast er det då snakk om dei mest aktive landbruksområda i kommunen. Gran er ein del av hjortens vinterkost og juletreplantasjar utan gjerde kan oppleve store tap

Landbrukskontoret får ofte melding om skadar på rundballar, innmark, juletre og skog gjennom vinteren og elles på året. Slike skadar kan føre til store tap for den enkelte. Sjølv om gjerde er eit kostbart tiltak, er det og det tiltaket som gjev best effekt.

#### Viltfond

Kommunalt viltfond er regulert av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Viltfondet får inn midlar gjennom fellingsavgifta på hjort, valda i kommunen betalar 300 kr for vaksne dyr og 180 kr for kalv. I 2018 felte jegerane 235 dyr i Radøy kommune, inntekta til viltfondet var om lag 65 000 kr.

Det står om lag 220 000 kr på viltfondet, det er då trekt frå midlar til mindre tilskot (haustmøte, fallvilt og mindre kurs). Forskrifta og lokale retningslinjer regulerer bruken av viltfondet til tiltak som fremjar viltforvaltning, kunnskap om viltet, utgifter til handtering av skadd vilt og fallvilt, og til å førebygga skader på landbruksnæringa forårsaka av vilt. Lokale retningslinjer ligg ved.

Radøy kommune har tidlegare støtta m.a. aktivitetar knytt til opplæring og auka kunnskap hjå lokale jegerar (kurs, samlingar, jegerprøve) og har løyvd midlar til tiltak og arrangement i tilknytning til utdanning av godkjende ettersøkshundar med viltfondsmidlar. Det er og løyvd midlar til tiltak som viltgjerde.

I 2008 og 2009 vart det løyvd midlar til viltgjerde frå det kommunale viltfondet. Kommunen sitt viltfond hadde ein saldo på om lag 240 000 kr. Begge søknadane fekk 25 % tilskot, ein med 7200 kr og den andre 16 500 kr, sjå vedlagte sakspapir.

Denne søknaden er mykje større enn dei andre prosjekta som har fått tilskot til gjerde. Materiell til gjerde er innkjøpt tidlegare med tilskot frå Radøy kommune sitt næringsfond. Søknaden inneheld og ein del eigeninnsats som det er utfordrande å setja ein verdi på, rydding av gjerdetrase er til dømes og ein del av drifta. Administrasjonen vurderer at det er kostnadane til rigging av maskin og oppsett av gjerde som er grunnlag for søknaden. Riggkostnad er 5000 kr eks. mva. og oppsett av gjerde er sett til 445 200 kr eks. mva, totalt 450 200 kr eks. mva.

Retningslinjene for viltfondet i Radøy set renteavkastning og årlege inntekter som ramme for tilskot frå fondet. Årets ramme er om lag 70 000 kr, midlane skal dekke fallviltarbeid og to søknadsomgangar.

### **Konklusjon**

Det omsøkte tiltaket kan støttast av viltfondsmidlar og er eit godt og konfliktdepande tiltak.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd 30 000 kr til inngjerding av juletefelt på Skaråsmyra. Gjerdet skal vere ein permanent installasjon.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 052/2019**

#### **PLT - handsaming:**

Leif Taule (SP) meiner 30 000 kroner i tilskot til inngjerding av juletefelt er alt for lite i forhold til kostnaden med prosjektet.

#### Taule sette fram følgjande endringsframlegg:

*Det vert løyvd 100 000 kr til inngjerding av juletefelt på Skaråsmyra. Gjerdet skal vera ein permanent installasjon.*

*Tilskotet vert ikkje utbetalt før arbeidet er utført.*

Hovudutvalet vedtok Leif Taule sitt framlegg i møte.

#### **PLT - vedtak:**

Det vert løyvd 100 000 kr til inngjerding av juletefelt på Skaråsmyra. Gjerdet skal vera ein permanent installasjon.

Tilskotet vert ikkje utbetalt før arbeidet er utført.

### **Vedlegg:**

Søknad om midlar frå kommunale viltfond 2009 til juletreproduksjon (L)(188514)  
Søknad om viltfondsmidlar til gjerde omkring grønsakåker og frukthage (L)(89135)  
Søknad om støtte frå kommunalt viltfond til hjortegjerde rundt juletrefelt  
retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune (L)(45900)  
Scan0094